

HANDEL TEKNOLOGI NÆRBUTIKKEN STAVANG FLORØ

Fulle hus då to nærbutikkar blei digitale på to dagar



FØRSTE KLIPP: Siv Rindheim og Jolanda Trevort (t.h.) var sløyfehaldarar då ordførar Ola Teigen offisielt opna den nye teknologien på nærbutikken på Fanøy. Foto: Batalden Landhandel

Av [Svend Arne Vee](#)

Publisert:
28.04.23 18:00 ▼

Del

Onsdag kom teknologien på plass på Batalden Landhandel på Fanøy. Torsdag var det Stavang sin tur.

 For abonnentar

At både fastbuande og hyttefolk er opptekne av lokalbutikkane sine, fekk ordførar Ola Teigen merke til gangs denne veka.

Onsdag var han snorklippar med pomp og prakt då nærbutikken på Fanøy følgde i Askrova sine fotefar og blei heildigitale. Med det meinast at butikken blir døgnopen og sjølvbetjent, og dermed blir langt meir tilgjengeleg for kundane enn før.



ALLTID: Aldri fest på bygda utan kake! Foto: Batalden Landhandel

Klipp nummer to

Berre eit døgn seinare var det å ta på finstasen igjen for ordføraren, hente saksa og setje kursen for Stavang. Der venta ny snorklippping for ei identisk modernisering av butikktilbodet, og dermed har turistar og fastbuande fått eit langt meir fleksibelt tilbod.

– Dette er stas, og det var ekstra kjekt at opninga vår onsdag trekte fulle hus, seier styremedlem i Batalden Landhandel AS, Marianne Føleide.

Ho trur den nye teknologien kan vere gull verd for lønsemda til nærbutikkane i Merkur-kjeda.

Styreleiar Nils Tore Karstensen ynskte velkomen og takka alle gode kundar som nyttar Batalden Landhandel til innkjøp både til kvardag og fest.

- Målet med den digitale satsinga er å styrke butikkdrifta slik at vi sikrar eit enda betre tilbod til fastbuande, fritidsbrukarar og besøkande i åra framover, sa han.

– Dette er ei stor satsing for ein liten butikk, og eg vil særleg takke Merkur-ordninga for god økonomisk støtte, avslutta Karstensen.

Ordførar Ola Teigen la vekt på kor viktig det er med dei lokal butikkane.

– Ikkje berre tilbyr butikkane daglegvarer, dei er også ein sosial møteplass samstundes som dei yter ulike tenester for Kinn kommune. Vi set stor pris på lokalbutikkane i kommunen. No ynskjer vi alt vel for den digitale Batalden Landhandel i framtida, avslutta Teigen, medan han klypte snora til stor applaus og jubel frå dei 30 frammøtte.

Det er Siv Rindheim og Jolanda Tervoort som driftar butikken på Fanøya. Dei reknar no med auka besøk av hyttefolk og båtturistar som gjerne kjem til øya på kveldstid.

Meir spontanhandling

– Eg er overtydd om at det blir meir spontanhandling av dette, og at øyfolk og hyttefolk gjerne tek ein større andel av handlinga si på nærbutikken, heller enn i byen. Eg trur også at handling på morgon kveld vil auke. Tenk deg at du kjem på kaia om morgonen for å ta båten. Ein kan stikke innom og handle seg noko ein har lyst på, fleire timar før butikken si ordinære opningstid. Eller at du handlar på øya når du kjem ut med kveldsbåten, seier Føleide.

Men det er gjort store investeringar i den nye teknologien – og no står og fell det på kundane.

- Tilgang til butikken skjer med bankkortet ditt, og treng du hjelp til noko så er det mogleg å kommunisere med oss via videokamera og mikofon ved kassa, seier Siv og Jolanda.

– Det er vi brukarane som sit med nøkkelen. Det er no vi må støtte opp om dei som satsar og har gjort dette mogleg, slår ho fast.

Nyopninga av digital, sjølvbetjent butikk blei feira med stor kakefest i Batalden. Dagen etter, i Stavang var det om mogleg endå meir festivitas. Her vanka det kaffi pølser og is, og jamvel brannvesenet kom på besøk for å gjere stas på dei yngste.

Les meir om: [Handel](#) [Teknologi](#) [Nærbutikken](#) [Stavang](#) [Florø](#) [Kinn](#)

 **Firdaposten**

Lik denne sida

6,9k likar

Sjå kommentarar

Fleire saker